



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus

**Dato:** Onsdag 7. februar 2018

**Tid:** Kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 2. februar -2018

Sigrid Marie Fangel Harald Rydland

Soknerådsleiar Kyrkjeverje

### Sakliste:

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>Sak for kommunal representant</b>
S-1/18	Personalsituasjonen i Fitjar kyrkje	X
S-2/18	Førebels rekneskap for 2017	X
S-3/18	Detaljbudsjett for 2018	X
S-4/18	Referat frå sist møte	X
S-5/18	Meldingssaker	X
S-6/18	Open post	X
S-7/18	Kyrkjelydsplan m.m.	
S-8/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-9/18	Høyring om gudstenesteordning	



**Sak 1/18: Personalsituasjonen i Fitjar kyrkje**

Sidan sist soknerådet var samla har det inntruffe forhold som kan komma til å påverka personalsituasjonen i Fitjar kyrkje. Den utlyste stillinga som sokneprest i Stord (vikariat for 3 år) har både sokneprest Olav J. Oma og kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen søkt på. Kven som vert tilsett skal bispedømerådet avgjera den dagen soknerådsmøte skal vera. Resultatet vil truleg vera kjent når soknerådet er samla på møte.

Dersom ein av våre prestar vert tilsett vil det etter alt å døma verta lyst ut eit vikariat som sokneprest i Fitjar. Denne prosessen der det i bispedømet som tek seg av, men det lokale soknerådet vert involvert undervegs på intervju og i samband med innstilling til bispedømerådet som står for sjølve tilsetjinga.

Når det gjeld stillinga som kyrkjelydsprest/barne- og ungdomsprest som me lyste ut, var det ingen som tok kontakt eller søkte. No får me gjennomført ein del av trusopplæringstiltaka med hjelp av dei ressursane me har på kyrkjekontoret og ein del innleigd hjelp. Dette er ikkje ei fullgod ordning, så me må få på plass meir personell som kan ta seg av trusopplæring på ein god måte.

Soknerådet må difor ta ei drøfting på om ein framleis skal prøva å rekruttera til den stillinga me hadde utlysing på, eller om det er andre løysingar som skal prøvast.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka

**Sak 2/18: Førebels rekneskap for 2017**

Rekneskapen for 2017 er no så godt som ferdig. Det er ikkje revidert og det står framleis att nokre årsoppgjersdisposisjonar som skal gjennomførast. Det var i budsjettet for 2017 budsjettert med underskot, men no ligg det an til at me får eit brukbart overskot. Årsaka til det positive avviket er hovudsakleg tre forhold:

1. Kommunen løyvde kr 225.000,- ekstra til kyrkja i revidert budsjett for 2017
2. Stillingane som kyrkjetenar og kyrkjelydspedagog stod ledige deler av året
3. Kyrkja har fått inn meir gåver og kollekt enn det som var lagt inn i budsjettet.

Meir informasjon om rekneskapen vert lagt fram i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek førebels rekneskap for 2017 til orientering.



### **Sak 3/18: Detaljbudsjett for 2018**

Soknerådet sende inn framlegg til budsjett saman med søknad om kommunalt tilskot hausten 2017. Budsjettframlegget føresette eit kommunalt tilskot på kr. 2.800.000,- medan kommunestyret løyvde kr. 2.460.400,-. Detaljbudsjettet som no vert lagt fram, har eit overskot på kr 4.300,-.

Om lag 75 % av kyrkjebudsjettet går med til lønskostnader for dei tilsette. I budsjettet for 2018 er desse stillingane lagde inn i budsjettet:

<b>Stilling</b>	<b>Storleik</b>	<b>Tid</b>
Kyrkjeverje	50%	Heile året
Kyrkjelydsprest	100%	1.1.2018 – 30.6.2018
Kantor	65 %	Heile året
Kyrkjelydspedagog	40 %	1.1.2018 – 30.6.2018
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar	60 %	Heile året
Reinhaldar/kyrkjetenar	10 %	Heile året
Kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest	100 %	1.7.2018 – 31.12.2018

Budsjetter er elles stort sett utforma ved å bruka erfaringstal frå rekneskap for dei siste åra. Tilstandsrapporten for kyrkjebygget som vart utarbeida i 2017 gav råd om å føreta nokre utbetringar på kyrkjetaket snarast råd. På bakgrunn av dette er det lagt inn kr. 120.000 til vedlikehald av kyrkja i 2018.

I kyrkja sitt investeringbudsjett er det lagt inn midlar til fornying av gravfelt i 2019 og 2020. Soknerådet bør før kommunestyret skal behandla revidert budsjett få inn ein søknad om å få etablert ein namna minnelund for urnegraver på same tid som gravfelt D vert fornya.

Meir informasjon om budsjettet vert lagt fram i møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre. Satsar for godtgjersle for tillitsvalde vert på same nivå som i fjor. Soknerådet tek sikte på å fremja ei sak til revidert kommunebudsjett om investeringsstøtte til etablering av namna minnelund for urnegraver.

### **Sak 4/18: Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 7. desember 2017 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. For ordens skuld vert referatet lagt ved innkallinga, slik at medlemene får sjå det endelege dokumentet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. desember 2017.

### **Sak 5/18: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Seminar for kyrkje/næringsliv på Stord 21.3.2018
2. Flytting av kyrkjekontoret
3. Møteplan for soknerådet 1. halvår 2018
4. Avslutning av orgelprosjektet
5. Vårdugnad på kyrkjegarden
6. Innsamlingskomiteen for kyrkjelydsprest

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering



**Sak 6/18: Open post**

**Sak 7/18: Kyrkjelydsplan, årshjul, frivillige nemnder m.m.**

Soknerådsleiaren ynskjer at rådet tek seg tid til ein samtale om dei tema som er nemnte i overskrifta til saka. I handboka for sokneråd som alle medlemane fekk utdelt etter soknerådsvalet står det ein del om korleis ein kan utarbeida ein kyrkjelydsplan i kap. 5, og på side 82 og 83. Det er fint om medlemane kan sjå litt på dette før møte.

Vidare bør soknerådet få eit oversyn over alle frivillige nemnder som er oppnemnde og kva dei arbeider med. Eit oppdatert årshjul som fortel om dei faste oppgåvene og hendingane gjennom året vil og vera eit godt hjelpemiddel for soknerådet.

Meir informasjon om saka vert lagt fram i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Sak 8/18: Arrangement i kyrkja sin regi**

Framover er det fleire arrangement i kyrkja og soknerådet sin regi som skal gjennomførast. Her kan me nemne trusopplæringstiltak, kyrkjelydstur, konfirmanttur m.m. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av nokre av dei arrangementa som har funne stad sidan sist møte.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 9/18: Høyring om gudstenesteordning**

Det har dukka opp ei høyringssak om gudstenesteordning med frist den 10. april. Sokneråda er ikkje formell høyringsinstans, men dei er likevel velkomne til å vera med på høyringa. Sokneprest Olav J. Oma meiner Fitjar sokneråd bør engasjera seg i denne saka. Det er fint om medlemene kan setja seg litt inn i saka og komme med innspel på møtet.

Her har de lenke til høyringsdokumenta: <https://kirken.no/hoeringer>

Soknepresten vil orientera nærare om saka på møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Gudstenesteutvalet i Fitjar sokn, saman med soknerådsleiaren, får fullmakt til å gje høyringssvar på vegner av Fitjar sokn. Soknerådsmedlemer som har merknader til saka må gje dei til soknepresten innan 10. mars.